



Retningslinjer for pensumlister og digitale kompendium

1. Digitale pensumlister i Leganto

Høgskulen i Volda nyttar det digitale pensumlistesystemet Leganto. Pensumlistene i Leganto er kopla til biblioteksystemet Oria. Studentane vil kunne sjå om biblioteket har ledige eksemplar av bøker, og dei vil få direkte tilgang til elektroniske ressursar. Utanfor campus vil dei enkelt kunne få same tilgang med Feide-innlogging.

2. Tidsfristar

15. mai for pensum som gjeld haustsemesteret

15. november for pensum som gjeld vårsemesteret

3. Digitale kompendium i BOLK

Alle kompendium vert laga digitalt og distribuert som PDF-filer i vårt LMS-system (Canvas), jamfør vedtak i Strategisk studienemnd 13. mai 2015. Dette kan gjerast på to måtar:

1. Den enkelte tilsette kan bestille og få produsert PDF-filer gjennom BOLK, og laste opp i Canvas.
2. Den enkelte tilsette kan skanne og lage egne PDF-filer, og laste opp i Canvas (som nokre gjer frå før).

Merk! Begge alternativa føreset klarering av bokkapittel i BOLK (<https://bolk.no>) i tråd med Kopinor-avtalen: <http://www.kopinor.no/artikler/kopinor-avtalen-for-universiteter-og-hgskoler>